



Pettersson & Gjellesvik AS
C Sundysgate 52
5004 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1364 - 16/12404

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

10.05.2016

Avvisning av søknad om utviding av brannvarslingsanlegg gbnr 188/355 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 232/16

Tiltakshavar: Lindås kommune
Ansvarleg søkjar: Pettersson og Gjellesvik AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utviding av eksisterande brannvarslingsanlegg til brannalarmkategori 2, fulldekket anlegg iht. TEK10, bygget er vurdert til tiltaksklasse 3 på grunnlag av risikoklasse 5 og brannklasse 2 jf. skriv datert 15.04.16.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.04.16.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i Knarvik sentrum – områdeplan/planid. 1263-201002 er sett av til offentleg føremål. Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med plan.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Vatn og avløp (VA), tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra auka bruk.

VURDERING:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Det er i søknad datert 19.04.16 søkt om igangsettingsløyve for utviding av brannalarmanlegg i bygning på eigedom gbnr. 188/355.

Det er ikkje søkt om rammeløyve for tiltaket. Søknad er ikkje signert av tiltakshavar.

Kommunen si samordningsplikt

Tiltaket krev Arbeidstilsynet si godkjenning jf. pbl § 21-5 jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-2 bokstav c.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a jf. § 20-3. Tiltaket krev arbeidstilsynet sitt samtykke jf. arbeidsmiljølova § 18-9.

Ansvar

Det er ikkje erklært ansvar for funksjonen Ansvarleg søkjar (SØK). Det er ikkje levert gjennomføringsplan for tiltaket.

Plassering

Det er ikkje levert teikningar som syner utstrekning av den omsøkte utvidinga. Byggningsmassen på gbnr. 188/355 ligg og til dels på eigedom gbnr. 188/157. Vi ber om at det vert levert inn ein situasjonsplan som syner kva del av byggningsmassen som vert rørd av tiltaket.

Teikningar

Bygget er eit særskild brannobjekt, eventuell ny søknad vil verte sendt på høyring til Nordhordaland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling (NGIB).

Vi vil difor tilrå at de ved eventuell ny søknad vert levert inn branntekniske teikningar.

Nabovarsling

Tiltaket består i utviding av tekniske innstallasjonar i eksisterande byggningsmasse, vi kan ikkje sjå at det er naudsynt å nabovarsle tiltaket.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om utvidelse av brannvarslingsanlegg avvist.

Avvisningsgrunnlag:

1. Det er søkt om igangsettingsløyve utan at det ligg føre rammeløyve for tiltaket, avklaringar og dokumentasjon som skal ligge føre ved søknad om rammeløyve er ikkje dokumentert.
2. Søknad er ikkje signert av tiltakshavar jf. pbl § 23-1 jf. SAK10 § 5-4 bokstav a
3. Det er ikkje levert planteikningar og situasjonsplan som syner kva delar av eksisterande byggningsmasse som vert rørd av tiltaket jf. SAK10 § 5-4 bokstav b og m.
4. Det er ikkje erklært ansvarsrett for ansvarleg søkjar jf. pbl § 23-4 jf. SAK10 § 5-4 bokstav q
5. Tiltaket krev at det vert innhenta løyve frå Arbeidstilsynet jf. pbl § 21-5 jf. SAK10 §§ 6-2 bokstav c og 5-4 bokstav o.
6. Det er ikkje levert gjennomføringsplan jf. SAK10 §05-4 bokstav p

Ny søknad kan sendast inn som eittrinnsøknad når samtykke frå Arbeidstilsynet ligg føre.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1364

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune v/Eigedom

Kvernhusmyrane 20 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Pettersson & Gjellesvik AS

C Sundysgate 52 5004

BERGEN